



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

Møtebok

Ål kyrkjelege fellesråd
Møte 16.6.2026

Møtestart: Kl 18.30 Ål kyrkjestugu
Møteslutt: Kl 19.30

Til stade:

Medlemmer: Inger Haug (Leveld), Liv A. Solberg (Leveld), Kari Kristine Flatland (Torpo), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Arild Øystese Hansen (Ål), Camilla Osnes (prost).

Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål).

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Audun Vestenfor (Ål), Ingrid K. Hajem (Ål).

SAKSLISTE:

FR-sak 22/26: Godkjenning av referat frå møtet 28.4.26 og innkalling 16.6.26

FR-sak 23/26: Felling av bjørketre på Ål kyrkjegard

FR-sak 24/26: Borgstugu: Behove for renovasjon

FR-sak 25/26: Årsrekneskap 2025 oppfølging

FR-sak 26/26: Orienteringssaker

FR-sak 27/26: Personalsituasjonen – oppdatering

FR-sak 28/26: Uravstemning om hovedtariffoppgjeret for DnK 2026

Anne Kjersti Frøyen
Leiar

Kristoffer Krohn Sævre
Kyrkjeverje

FR-sak 22/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 28.4.26 OG MØTEINNKALLING 16.6.26

Saksdokument:

[Protokoll Ål kyrkjelege fellesråd 28.4.26.pdf](#)

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Ål kyrkjeleg fellesråd i møte 28.4.2026 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 16.6.2026 er lagt fram for godkjenning.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 16.6.2026

VEDTAK :

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner møteboka frå 28.4.2026.

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner innkallinga til møtet 16.6.2026 med sakstillegg 28/26 om hovedtariffoppgjeret.

FR-sak 23/26: FELLING AV BJØRKETRE PÅ ÅL KYRKJEGARD

Saksopplysningar:

Rekka av bjørketre mellom Ål kyrkjegard og Thon hotell og ned mot Stasjonsvegen er svært store og nokre av dei har begynt å rotne. Fleire store greiner har allereie falt ned. Trea utgjer ein mogeleg fare for både folk og bilar ved at store greinar kan knekke og falle, trea kan blåse ned og skade gravstøtter eller folk, og røtene er til bry for dei nærliggande gravene. Staben har søkt råd hos skogbrukarar og anbefalinga er at heile trerekka blir felt komande vintersesong og at me i staden planter nye, mindre tre langsmed gjerdet. Det har også vore dialog med Thon hotell og dei er takksame viss trea blir felt.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 16.6.2026

VEDTAK :

Fellesrådet vedtek å felle bjørketrea langs den austlege delen av Ål kyrkjegard og ber staben gjennomføre i løpet av komande tenlege sesong. Staben bes også om å planlegge og plante nytt når trea er felt.

FR-sak 24/26: BORGSTUGU – BEHOV FOR RENOVASJON

Saksopplysningar:

Borgstugu (nedanfor prestegården i Ål) brukast i 2026 av Speidaren, og det er teikna ny avtale med Hallingdal maleklubb med mål om å ha aktivitet og inntekt i huset. Ål kyrkjelege fellesråd drifter huset, men formelt sett er det DnK Eigedom som eiger huset som har vernestatus. Huset har betydelege behov for renovering, noko som er meldt til DnK Eigedom. Dei planlegg å kome på synfaring sommaren 2026 for å vurdere nødvendige tiltak. Fellesrådet har interesse av at huset vert halde i god stand både for å bevare huset, og slik at huset kan brukast til tenlege aktivitetar i og rundt kyrkja.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 16.6.2026

VEDTAK :

Ål kyrkjelege fellesråd takkar for informasjonen.

FR-sak 25/26: ÅRSREKNESKAP 2025 OPPFØLGING

Saksopplysningar:

Me har blitt gjort oppmerksame på 2 nødvendige endringar i arbeidet med 2025-rekneskapet:

1) Endring i mindreforbruket 2025:

Fellesrådet hadde i 2024 eit meirforbruk på 258,534 kroner. Meirforbruket frå 2024 vart søkt dekka frå kommunen, innvilga av kommunestyret, og overført i 2025 som del av overføringa frå kommunen. Mindreforbruket på 808,651 i 2025 som vart behandla i FR-sak 18/26 inkluderer dei 258,534 – men høyrer eigentleg til i 2024-meirforbruket (ein slags gjeld frå 2024). Sidan dei 258,534 eigentleg er ein tilbakeføring av midlar for 2024 så må dei trekkast frå 2025-rekneskapet. I så måte vert faktisk mindreforbruk i 2025 då $808,651 - 258,534 = 550,117$ kroner. Økonomiavdelinga hjelper oss å få dette rett i endeleg rekneskap.

2) Revisor påpeiker eit avvik ved at fellesrådet sitt årsrekneskap 2025 manglar bokføring for diakoninemndene. Det vart i [FR-sak 41/24](#) bestemt at diakoninemndene sitt rekneskap skulle inkluderast i fellesrådet sitt rekneskap slik at diakoninemndene ville få gevinsten med momsfratak og for å enklare kunne hente ut rapportar. Det vart dessverre ikkje gjennomført i 2025.

Økonomiavdelinga har denne månaden begynt arbeidet med å rette det opp og inkludere diakoninemndene i 2025-rekneskapet, noko som vil påverke mindreforbruket for 2025 i nokon grad.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 16.6.2026

VEDTAK :

Ål kyrkjelege fellesråd takkar for orienteringane.

FR-sak 26/26: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

- a) Gravplassvedtektene er lagt ut på høyring på kyrkja sine nettsider, og det kjem informasjon i komande kyrkjeblad. Me har hittil motteke eitt høyringssvar – fristen er 9. juli. Etter høyringsfristen må vedtektene behandlast i fellesrådet, deretter til Statsforvaltar for godkjenning, og så vert dei iverksett når Lovdata har godkjent og publisert.
- b) Ål kyrkjelege fellesråd har signert har signert beredskapsavtale med Ål kommune – mest for å formalisere et allereie velfungerande samarbeid. Avtala er signert av prosten og kyrkjeverja på vegne av kyrkja, mens soknepresten vert lokal kontakt i psykososialt beredskapsteam.
- c) Prosjekt «Folkemusikk og gudsteneste» har fått fornya tilskot frå Kulturdirektoratet, men redusert samanlikna med tidlegare år (kr 100,000 i 2026 mot kr 150,000 i 2025). Søknaden krev innlogging med BankID, og søknaden vart ved ein feil levert i organisten sitt namn. Tilskotet vart dermed innvilga til organisten som privatperson i staden for fellesrådet, sjølv om vedtaksordlyd er til fellesrådet. Det er ikkje heldig, og det har vore fleire rundar med dialog med Kulturdirektoratet for å rette på det. Kulturdirektoratet har avvist å endre det, og tilskotet må dermed utbetalast til organist som så vidareførar tilskotet til fellesrådet. Kyrkjeverja vil kontakte KA angående det juridiske for å sikre at både prosjektet og organisten ikkje får uheldige konsekvensar av ein slik overføring via privatperson.
- d) Fellesrådet har denne månaden motteke påminning om å kople Leveld kyrkje på kommunalt avløpsanlegg. Fristen er 1. oktober 2026. Kommunen har heimel til å ileggje tvangsmulkt dersom eigar ikkje etterkjem vedtaket om tilkopling. Kyrkjeverja har dialog med kommunen om utsetjing eller dispensasjon då dette kravet vil innebære ein stor kostnad for eit toalett som er i lite bruk. Lukka tank er eit alternativ som kan godkjennast sidan kostnaden truleg vil bli betydeleg høgare enn 2,5G.
- e) Som del av investeringsbudsjettet har me planlagt å oppgradere belysninga i Ål kyrkje. Me har motteke 3 tilbod på arbeidet og har planer om å gjennomføre arbeidet i 2026. Prosjektet vil krevje godkjenning av biskop og Riksantikvar.
- f) Kirkerådet har sendt ut høyringsnotat for rammeplanar kyrkjeleg undervisning og læring til alle fellesråd, sokneråd, kyrkjeverjer, ungdomsutval m.fl. Fristen er sett til 15. september. Med noverande sjukemelding i staben er kyrkjeverja usikker på om me har kapasitet til å sende inn respons. Trusopplæringsutval eller den nye kapellanen kan vurderast, og evt utveksle fellesråd-svar i Hallingdal. Det skal vere eit orienteringsmøte om høyringa neste veke. For fellesrådet er vårt arbeid lokalt viktigare enn å delta i den nasjonale høyringa.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 28.4.2026:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringane.

FR-sak 27/26: PERSONALSITUASJONEN - OPPDATERING

Saksframlegg:

Fellesrådet har lagt inn ei fast orienteringssak om personalsituasjonen i kyrkja.

Prosten orienterte om prestesituasjonen.

- Prostiprest-stillingen på Nesbyen (50% Nesbyen, noko teneste i øvrige deler av prostiet plan om tilsetting veke 40, mogeleg oppstart januar). Elles er alle pretestillingar i prostiet bemanna.

Kyrkjeverja orienterte om all anna stab ved kyrjekontoret.

- Det vert prostidag for alle tilsette på Gol 8. oktober, og for rådsmedlemmer på ettermiddag/kveld. Set av datoen. Biskopen vil delta.

- Me har tilsett 2 sommarvikarar heile sommaren, og 1 til deler av sommaren.

- Oppdatering sjukemeldingar

- Me har signert ein vikarleiar for BUK 22. og 23. juni.

- VTO praksisplass – kandidaten trakk seg frå avtala.

- Kyrkjeverja har motteke 2 ynskjer frå stab om deltidsstudie hausten 2026 og vil behandle søknadene i tråd med retningslinjene.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 16.6.2026:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringa.

FR-sak 28/26: HOVEDTARIFFOPPGJØRET 2026 - AVSTEMMING

Saksframlegg:

Fellesrådet har i dag 16. juni 2026 motteke brev frå KA:

Partene i KAs tariffområde ble 12. juni 2026 enige om et anbefalt forslag til ny Hovedtariffavtale for Den norske kirke for perioden 01.05.2026 - 30.04.2028. Resultatet er i tråd med resultatet i offentlig sektor og med frontfagsmodellen.

Forslaget går nå til uravstemning hos medlemmene, med svarfrist 3. juli 2026. Det anbefalte forslaget følger i sin helhet som vedlegg til dette rundskrivet. Ny lønn skal ikke utbetales før etter at uravstemningen er avsluttet og oppgjøret godkjent av alle parter.

Det er forhandlet om økonomi/lønnsjusteringer for 2026 med en ramme på 4,4 %. Resultatet er i tråd med resultatet i offentlig sektor og med frontfagsmodellen, som norm for lønnsdannelsen over tid.

Det er avsatt 1 % til lokale forhandlinger i 2026 pr. 1.10.2026 for ansatte i kapittel 4 i fellesråd/menighetsråd. Det skal ikke gjennomføres møter om lokale forhandlinger mellom arbeidsgivere og tillitsvalgte før fristen for uravstemning er utløpt og oppgjøret er vedtatt.

Styret i KA har 15. juni 2026 gjort følgende vedtak: «KAs styre anbefaler medlemmene å stemme JA til det fremforhandlede resultatet i hovedtariffoppgjøret for Den norske kirke.»

Kyrkjeverja vil presentere alle vilkår som fellesrådet må ta stilling til i neste møte planlagt 18. august 2026.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 16.6.2026:

VEDTAK:

Fellesrådet stemmer JA til det framforhandlede resultatet i hovedtariffoppgjøret for Den norske kyrkja.

Neste møte: 18. august 2026